



Konsentrasjon og foredrag.

**Konserten fredag kveld med Håkon Røstbø og døtrene Ingrid og Astrid Fjellandsbø Røstbø, med Ove Eikemo som bassist, vart den siste konserten i dette etablissementet. Som kjent innstiller Oska verksemda etter førjulsquizen laurdag. Ei betre avsluttingsmarkering enn denne konserten kunne vel ingen ynskja seg.**

Dei starta med "Make you Feel my Love" av Dylan. Fin song av baa jentene, med Håkon og Astrid på gitar og Ove på bass. Deretter kom den heimesnikra "Like Lovers Do", som Astrid sa dreia seg om noko så originalt som ulukkeleg kjærleik. Ein skikkeleg fengande låt i country/westernstil. Eg tok meg i å tenkja på gruppa Somebody's Darling, utan at Sundegruppa kom uheldig ut frå den samanlikninga. Håkon krydra låten med fine gitarforsiringar. Dette var vel den låten som eg med min musikalske smaksbakgrunn vil hugsa best av dei heimegjorde. Tekstmessig sit vel "Rubben" best att. Dette var ein låt ved Håkon - ein hyllest til motorane som i si tid sat i svært mange båtar på våre kantar - og eit nostalgisk glytt attende på noko som snart er heilt borte. Låtane deira (både på norsk og engelsk) hadde originalt innhald og tilnærming, og det er mest Håkon og Astrid som skriv. Gjengen har verkeleg litt å fara med, og dei heldt på i vel ein time. Dei to jentene har berande, fine røyster, og dei kan dette med gode vokalharmoniar.

Som perler på ei snor kom det eigenproduserte (mest) og nokre versjonar av kjende låtar av andre. Av coverlåtar lyt "A Fairytale of New York" nemnast. Mange vil nok meina at dette er tidenes julelåt, og anten er du samd, eller så er du heilt usamd. Her starta Ove det vokale med oppvakninga i fyllearresten, og etter kvart som gjengen trykte på, fekk me dei frysningane me skal ha på ryggen av ein så monumentalt godt snikra låt. Sjangermessig er det vanskeleg å plassera konserten, men om eg seier at det stort sett er songar med driv og trøkk, og i grannelaget country-roots-soul, er eg kan henda på sporet.



[Lydjustering under vegs.](#)

I allfall vart det ein god time med god musikk, og både Oska og Røstbøggjengen hadde fortent at fleire enn snautt 30 hadde teke turen denne kvelden.

Tekst og foto: Svein Rimestad  
Nett: Thor Inge Døssland